



Styre: Universitetsstyret

Styresak: 127/15

Møtedato: 26.11.2015

Dato: 09.11.2015

Arkivsaksnr: 2015/12261

Oppretting av nestleiarposisjon i Læringsmiljøutvalet og endring av reglane for LMU

Henvising til bakgrunnsdokument

- Lov om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) § 4-3 om Læringsmiljø, pkt. 3.
- Reglar for Læringsmiljøutvalet § 2. Utvalets oppnemning og samansetning
- LMU-sakene 35/14, 23/15 og 30/15.

<http://www.uib.no/ua/48784/sakslistar>

Saka gjeld:

Læringsmiljøutvalet er sett saman av fem tilsettrepresentantar og fem studentrepresentantar. Utvalet vert oppnemnt av rektor, og vel etter universitets- og høgskulelova § 4-3 kvart år leiar vekselvis blant dei tilsette sine og studentane sine representantar.

Studentsamskipnaden i Bergen, Universitetsbiblioteket, IT-avdelinga og HR- avdelinga har fast observatørstatus i utvalet.

Studentrepresentantane i LMU har sett eit behov for å ha ein vara for LMU-leiaren når studentane har leiarvervet. På bakgrunn av dette vedtok LMU i møte 26.11.14 å oppnemne ein vara for LMU-leiaren i studieåret 2014-2015.

Ifølgje studentrepresentantane er det ein fordel med ein nestleiar framfor ein vara på grunn av kjennskap til sakene. Både ein studentrepresentant og viserektor for utdanning deltek i alle planleggingsmøta i LMU, slik at begge har god kjennskap til sakene. LMU har drøfta to modellar. Når LMU-leiaren er student, kan ein student vere nestleiar eller alternativt kan viserektor for utdanning vere nestleiar. Når viserektor har leiarvervet, kan vara for viserektor vere nestleiar eller ein student. Studentrepresentantane har føreslått at nestleiarfunksjonen vert lagt til den gruppa som ikkje har leiarfunksjonen i den aktuelle perioden.

Læringsmiljøutvalet har tilrådd at det vert oppretta ein nestleiarposisjon i Læringsmiljøutvalet, og at den gruppa som ikkje har leiarrolla i den aktuelle tidsperioden bør ha nestleiarfunksjonen. Det blir tilrådd at reglane til LMU endrast i tråd med forslaget.

Universitetsdirektøren sine kommentarar:

Det er formålstenleg for Læringsmiljøutvalet å ha ein nestleiar med god kjennskap til sakene og som lett kan tre inn for LMU-leiaren i tilfelle forfall.

vedtak:

Følgjande nye punkt blir innlemma i §2 i reglane for LMU: «Utvalget velger årlig en nestleder. Nestlederposisjonen i utvalget tilfaller den gruppen som ikke har lederrollen.»

Kjell Bernstrøm
Universitetsdirektør

09.11.2015/Iren Igesund

Vedlegg:
1. Reglar for Læringsmiljøutvalet

Regler for Læringsmiljøutvalget

Fastsatt av universitetsstyret i møte 24.9.2009. Endret i møte i universitetsstyret den 25.10.2012.

§ 1 Mandat

1. Læringsmiljøutvalget (LMU) ved Universitetet i Bergen sorterer direkte under Universitetsstyret og skal bidra til at læringsmiljøet for studentene blir tilrettelagt på best mulig måte, jf. bestemmelsene om læringsmiljø i lov om universiteter og høyskoler § 4-3.
2. LMU skal holdes orientert om og selv kunne ta initiativ til innsamling av relevante data som angår studentenes sikkerhet, samt de samlede fysiske, psykiske, sosiale og velferdsmessige forhold som ligger innenfor institusjonens kontrollsfære, for på denne måten å se til at den enkeltes studiesituasjon blir tilrettelagt på best mulig måte. Det skal legges vekt på at LMU blir informert tidlig i pågående prosesser, og avdelingene og fakultetene skal aktivt søke LMUs syn og medvirkning. LMU kan også selv ta initiativ til innsamling av relevante data som angår læringsmiljøet, i tillegg til at de enkelte deler av virksomheten, enkeltstudenter, ansatte og Studentsamskipnaden i Bergen kan be om å få tatt slike saker opp i LMU.
3. LMU skal i henhold til lovens § 4-3 holdes orientert om klager som institusjonen mottar fra studenter vedrørende læringsmiljøet, og LMU kan gi uttalelser om slike forhold til styret. Fagmiljøene har plikt til å innrapportere eventuelle klager på læringsmiljøet til fakultetet, og fakultetene skal hvert semester sende en kortfattet rapport til LMU om slike klager. LMU skal likeså gjøres kjent med eventuelle pålegg og enkeltvedtak som Arbeidstilsynet treffer med hensyn til institusjonens læringsmiljø.
4. For å oppfylle målsetningene i punkt 2 og 3, skal LMU utarbeide et formålstjenlig rapporteringssystem som sikrer jevnlig rapportering fra alle instanser og aktører ved institusjonen som utfører arbeid som er av betydning for det helhetlige læringsmiljøet. Rapporteringen skal danne grunnlag for en systematisering av LMUs arbeid som kan inngå i UiBs kvalitetssikringssystem.
5. LMU skal ha et spesielt ansvar for studenter med funksjonsnedsettelse og universell utforming ved UiB.
6. LMU skal årlig rapportere om sitt arbeid til Universitetsstyret. I rapporten kan det inngå en handlingsplan som viser utvalgets forslag til tiltak for bedring av læringsmiljøet ved institusjonen. LMU kan, ut i fra den myndighet og ressurser som Universitetsstyret delegerer til utvalget, selv iverksette tiltak i handlingsplanen.
6. LMU skal være høringsinstans i saker som angår det helhetlige læringsmiljøet ved institusjonen. De aktuelle avdelinger skal legge til rette for at slike høringer kan finne sted.

7. For å sikre et fullt forsvarlig læringsmiljø ved Universitetet i Bergen, skal LMU ha en løpende dialog med Universitetets utdanningsutvalg, og eventuelle spørsmål om overlappende ansvar for enkeltsaker avgjøres av de to utvalgene i fellesskap.

§ 2. Utvalgets oppnevning og sammensetning

Læringsmiljøutvalget oppnevnes for fire år av gangen, likevel slik at studentrepresentantene oppnevnes for ett år (studieår). Utvalget har følgende sammensetning:

Viserektor for utdanning

Avdelingsdirektør, Studieadministrativ avdeling

Avdelingsdirektør, EIA

1 dekan

1 ansatt med kompetanse på studenter med funksjonsnedsettelse sine rettigheter og behov for tilrettelegging ved UiB

5 studenter

Utvalget oppnevnes av rektor. Det skal oppnevnes personlige varamedlemmer.

Studentrepresentantene og deres varamedlemmer oppnevnes etter innstilling fra Studentparlamentet. Utvalget velger etter lovens § 4-3 hvert år leder vekselvis blant de tilsattes og studentenes representanter. Studentsamskipnaden i Bergen, Universitetsbiblioteket, IT-avdelingen og Personal- og organisasjonsavdelingen har fast observatørstatus i utvalget. Utvalget kan selv oppnevne andre faste observatører til utvalget, og kan kalle inn observatører til enkeltsaker.